



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
19/154403-2

Dykkar referanse:
19/1176 – 19/13274

Vår dato:
31.07.2019

Merknad til planprogram og silingsrapport for kommunedelplan for Sambandet Vest

Vi viser til brev datert 17.06.2019, med framlegg til planprogram og silingsrapport for kommunedelplan for Sambandet Vest. Merknadsfrist er sett til 02.08.2019.

Om føremål med planarbeidet

Sambandet Vest er eit interkommunalt prosjekt mellom kommunane Øygarden, Askøy, Meland, Radøy og Lindås, om ny veg med brusamband mellom kommunane Askøy, Meland og Radøy.

Vår rolle

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Statens vegvesen har delteke som observatør i arbeidsgruppa som har utarbeida planprogrammet, og kjenner i grove trekk til prosjektet og innhaldet.

Nullvekstmålet, samordna transport- og arealutvikling

I byområde er det frå regjeringa eit ønskje at det er nullvekst i persontransport med bil. Det er venta at prosjektet Sambandet vest vil gi både omfordelt og nyskapt trafikk. Moglege tiltak for at noko av denne trafikken kan nytte andre transportformer bør kome fram i planforslaget. I planprogrammet legg ein til grunn at langsgåande tilbod for mjuke trafikantar skal etablerast i samband med prosjektet. Etter vår vurdering er dette eit viktig tiltak for å legge til rette for miljøvenlege transportformar. I tillegg bør moglege restriktive

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

tiltak for å avgrense auka i personbiltrafikken som følgje av prosjektet, kome fram i kommunedelplanarbeidet.

Planprogrammet gir at det i kommunedelplanarbeidet skal setjast av nok areal til kollektivløysingar der det er vurdert som tenleg, jf. kp 5.5. I planarbeidet må ein gjere ei grundig vurdering av plassering av større kollektivknutepunkt basert på gjeldande og moglege nye bussruter, og sjå dette i samanheng med båtruter.

Vi meiner at ein i det vidare arbeidet bør vurdere å endre effektmål 4, som er knytt til kollektiv- og gang-/sykkeltilbod. Målet bør vere tydlegare utforma med eit klart krav om at prosjektet skal redusere reisetida også for gåande, syklende og kollektivreisande mellom eksisterande og planlagde nærings-, bustad- og sentrumsområde på aksene Askøy, Holsnøy og Nordhordland.

Siling av alternativer

Silingsrapport og planarbeid gir ei grundig framstilling av utfordringar og moglege løysingar knytt til transportsystemet i analyseområdet. I hovudsak meiner vi siling og endeleg utval at traséar viser gode og prinsipielt alternative løysingar. Men, vi meiner at det er for tidleg i prosessen til å forkaste alternativ Cc, som truleg har høgast nytte av alternativa. Sjølv om alternativet er kostbart er det interessant å sjå kva nytte EFFEKT-berekningar av dette alternativet kan gi. Vi rår til at dette alternativet vert vurdert og utgreidd på lik line med dei andre gjenstående alternativa.

Anna og tilstøytande fylkesvegnett

Vegstandard på eksisterande fylkesvegar, særleg i nord på øyane i analyseområdet, er dårleg. Vegane er smale, har krapp kurvatur, stadvis dårleg bereevne, manglande rekkverk, mykje avkøyrslar, og gjennomgåande manglande tilbod til mjuke trafikantar. Venteleg vil Sambandet vest påføre desse veglenkjene mykje trafikk, anten nyskapt, eller omfordelt frå andre vegar. På eksisterande vegar kan ein få problem både med framkome og trafikktryggleiken. Trafikkberekningane må vise endring i trafikkmengde på fylkesvegar i eit større område enn analyseområdet som er avgrensa i planprogrammet. Statens vegvesen vil krevje rekkjefølgjekrav om at vegar der trafikkauken er vesentleg, må utbetrast i samband med utbygging av Sambandet vest.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
fung. seksjonsjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Askøy kommune, Klampavikvegen 1, 5300 KLEPPESTØ

Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER